



Helge Rød As  
Valestrandsfossen  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/361 - 17/28976

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
05.10.2017

## Løyve til igangsetting riving av eksisterende bygg og oppføring av ny bustad - gbnr 108/68 Lindås

### Administrativt vedtak. Saknr: 453/17

**Tiltakshavar:** Olav Knarvik  
**Ansvarleg søkjar:** Helge Rød As  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting for riving av eksisterende hytte og anneks samt oppføring av ny bustad . Kommunen har i vedtak av 22.05.2017 gjeve rammeløyve. Det vert elles vist til søknad motteken 13.09.2017.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 13.09.2017 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

### Tilkomst, avkjørsle

Vegavdelinga i kommunen har 08.02.2017 gjeve løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg.

### VURDERING

#### Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av heile tiltaket for riving av eksisterande hytte og anneks samt oppføring av ny bustad på følgjande vilkår:**

- Rammeløyve av 22.05.2017 med vilkår gjeld for tiltaket.
- Faktisk plassering av tiltaket skal målast inn, og koordinatar sendast kommunen.

### Mynde



Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/361

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

#### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Syner til vilkår i rammeløyve om krav til kvittering for levert avfall.

#### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Byggverket må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Helge Rød As  
Olav Knarvik

Valestrandsfossen 5281  
Eidsvågveien 103 5105

VALESTRANDSFOSSEN  
EIDSVÅG I ÅSANE